

# SAKSPROTOKOLL

## HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 25.04.2017:

Møtet var kalla inn ved skriv frå ordføraren 20. april 2017. Møtet har óg vore kunngjort i Bladet Tysnes og på kommunen si nettside.

Det var ingen merknader til innkallinga, sakslista eller møteboka frå førre møte.

Ordføraren orienterte kort om utsendte referat skriv og meldingar.

### Ymse:

Representanten Kristin Gjerstad Teigland Kleppe stilte spørsmål ved plan for investeringar på Tysnes skule, ho understreka at det var viktig med politisk involvering på eit tidleg tidspunkt.

Rådmannen orienterte med å visa til at det er sett av kr. 500` til planlegging i inneverande år, dette vil verta nytta til detaljprosjektering. Det er planen vår at dette arbeidet vert fylgt opp i andre halvår.

Representanten Kristin Gjerstad Teigland Kleppe ba om at bloggen for nytt omsorgssenter vert lagt inn igjen under nyhender.

Representanten Asbjørn Myklestad stilte slikt spørsmål om strøsingel:

«Med fare for å framstå som gretten og masete, så tør eg likevel etterspørja bruk av kostemaskinen vår. Vi fekk jo inn på budsjettet i fjor innkjøp av ny kostemaskin. Den står, som eg kan sjå, enno ubrukt på stasjonen i Eredalen.

Vi skulle for lengst ha fått rydda opp all strøsingelen som blei strødd i vinter. I dag ligg det store mengder strøsingel igjen på kommunale vegar og plasser-herunder utafør inngongspartiet til dette huset, på parkeringsplasser ved kyrkjene, osv.

Det var med livet som innsats då eg skulle sykla ned Jensvollbrekka, slik det ser ut der nylig. Singeldekke på asfalten utgjer ein stor fare for gåande og syklande spesielt, men for så vidt for alt farande. Det er ingen grunn til at strøsingel ska bli liggjande i månadsvis etter den dagen det var glatt. Ein del stader hamner og singelen på innmarkgras, og er til irritasjon og skade for landbruk.

Torer òg minna om at svært mange kommunar ikkje berre samlar opp singelen, men den blir og deretter lagra for å brukast om igjen. Vi snakker jo tross alt om betydelige volum, så det har såleis eit økonomisk og miljømessig aspekt for kommunen også.»

Ordføraren svarte at tilhøva vil verta fylgt opp.

Ordføraren orienterte om status i høve til sentrumsplan Våge og mekling. Ordføraren orienterte vidare om arbeid knytt til E39 og misnøye opp mot fylkesordføraren si oppfølging av denne saka.

Grethe Barmen og Patrick Russel Madsen vart vald til å skriva under møteboka saman med ordføraren.